

Notat til høyring om Meld. St. 18 (2020-2021) Oppleve, skape dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge

Norske Billedkunstnere (NBK) er fagorganisasjonen for profesjonelle biletkunstnarar i Noreg. NBK sitt formål er å ivareta biletkunstnarane sine faglege, ideelle, økonomiske og sosiale rettar og interesser. Fordelt på 20 grunnorganisasjonar representerer NBK 3 000 kunstnarar frå det visuelle feltet.

Innleiing

Eit berekraftig og framtidsretta kulturliv treng fokus på inkludering, mangfald og møter med kunst frå tidleg alder av. Ei eiga kulturmelding for barn og unge er i seg sjølv bra og viktig for å oppnå dette, men sjølv om meldinga er historisk, ber den med seg lite nytt. Ein føresetnad for statusheving og synleggjering av kunst og kultur for barn og unge, er ei visjonær satsing som viser handlekraft.

Kunsten må få vere ein sentral del av livet til alle innbyggjarar, uavhengig av sosial, kulturell og økonomisk bakgrunn. Som Kulturmeldinga (Meld.St. 8 (2018-2019) *Kulturens kraft*) slår fast; *“alle skal få sjansen til å ta del i kulturaktivitetar, og kulturgoda skal vere tilgjengelege for alle grupper i befolkninga, uavhengig av sosial og kulturell bakgrunn, alder, kjønn og funksjonsevne”*. NBK vil presisere at barne- og ungdomskulturmeldinga må ta utgangspunkt i dette, og i følgjande notat kommenterer vi difor kort utvalte delar av meldinga som bør endrast.

Kunst i skulen

Skulen er vår største kunstinstitusjon og den einaste institusjonen i samfunnet som *alle* barn og unge må gjennom. Som det står i opplæringslova § 1-1, skal skulen *“opne dører mot verda og framtida og gje elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring”*. For at elevar skal få kulturell innsikt og forankring, må kunstfaga sin status styrkast og stå på lik linje med andre fag. Det er difor urovekkande at barne- og ungdomskulturmeldinga bevilgar lite plass til tilbud innanfor ordinær opplæring.

Som det står innleiingsvis i barne- og ungdomskulturmeldinga kap 9 *Opplæring og fordjuping i kunst og kultur*, viser BUSK-rapporten at barn og unge *ynskjer* å bli introdusert for fleire kunst- og kulturuttrykk i skuletida. Mange av dei eldste ungdommane har spelt inn at faga på skulen og DKS-tilboda dei har fått, har vore avgjerande for kunnskapen dei har om kunst og kultur. Skulen blir også her trekt fram som ein sosialt utjamnande arena.

Stortinget bør be om at det blir sett av meir plass i meldinga til kunst- og kultur i skuleverket, *utanom* DKS.

Lik store delar av resten av meldinga, inneheld kap 9.1.2 *Dei praktiske og estetiske faga i skolen* ei kort rapportering om situasjonen per i dag, men har ingen framtidsvisjonar eller konkrete forslag til forbetringar. For å styrke kunstens plass i skulen må blant anna antall timar med kunstfag aukast gjennom heile grunnskuleløpet. Vurderingskompetanse og status i faget må løftast, og estetiske fag som kunst og handverk bør bli gjennomgåande fag frå 1. - 10. årstrinn, samt bli inkludert som trekkfag til eksamen på 10. årstrinn.

Ein føresetnad for vårt framtidige kulturliv er å gje barn og unge møter med profesjonell kunst og kultur. Det oppnår vi ved å involvere fleire profesjonelle kunstnarar i skulen, men òg ved å ha dyktige og kompetente kunst- og handverkslærarar. For å sørge for kvalitetsfagleg kunst- og kulturoplæring må Regjeringa følgje opp kompetansekrav. Kompetansekrav er formulert i kap 8 *Ein styrkt kulturskole for framtida*, men uteblir i kap 9.

NBK foreslår at følgande blir inkludert i meldinga:

- Antall timar med kunstfag må aukast gjennom heile grunnskuleløpet. Kunst og handverk bør bli gjennomgåande fag frå 1. - 10. årstrinn, samt bli inkludert som trekkfag til eksamen på 10. årstrinn
- Det må innførast kompetansekrav for å undervise i kunst- og handverk på same nivå som andre fag, altså minimum 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og minimum 30 studiepoeng på barnetrinnet
- Det må vere obligatorisk med minst eitt emne i praktisk-estetiske fag i lærarutdanningane
- Det bør innførast PPU-utdanning for visuelle kunstnarar ved alle kunsthøgskulane i Noreg. Søkarar med bachelorutdanning frå praktisk-estetiske fag må sikrast adgang til PPU-studiet
- Det bør bli lagt til rette for samarbeid med lokale kunst- og kulturinstitusjonar, integrert i undervisninga, også utanom DKS

DKS

DKS si viktige rolle må bli ivaretatt, styrka og utvikla – særskilt bruken av visuell kunst. Samstundes er det viktig å understreke at det å gje DKS større plass i skulen ikkje legitimerer mangel på kunst og kultur i den generelle opplæringa. Dersom DKS-tilbod erstattar prioriteringa av dei estetiske faga i skulen, er dette ein trussel for både opplæringa og for det framtidige kulturlivet.

For å sikre at DKS er eit tilbod som består av kvalitetskunst frå profesjonelle kunstnarar, må definisjonsmakta over innhald og kvalitet i DKS-tilbod ligge hos fagfeltet, og ikkje hos elevane. Vidare bør det innførast substansielle prosjektmidlar for DKS-produksjonar, men

uavhengig av støtteordningar frå Kulturrådet. Ei slik målgruppestyring innanfor Kulturrådet vil avgrense den frie kunsten.

NBK foreslår at følgande blir inkludert i meldinga:

- For å sikre kvalitet i DKS-tilbodet, må produksjonane bli utvikla av profesjonelle aktørar i det aktuelle kunstfeltet
- Styrking av DKS må bli gjort parallelt med styrking av dei praktisk-estetiske faga
- Det bør definerast eit nasjonalt mål om at alle skular skal tilby kvar elev minimum fire visuelle kunstproduksjonar i løpet av grunnskulen
- Det bør innførast substansielle prosjektmidlar for DKS-produksjonar, uavhengig av støtteordningar frå Kulturrådet

Kulturskulen

Kulturskulen er, ved sidan av skuleverket, den einaste verksemda som utdannar barn og unge i kulturfaga og som samstundes er til stades i alle kommunar. For barn og ungdom blir eit av dei viktigaste lokale tiltaka å auke satsing på desse, noko barne- og ungdomskulturmeldinga løftar fram. Det er óg positivt at meldinga tek opp regulering av krav til fagleg nivå. Eit tiltak kan vere å etablere tilbod om relevante PPU-utdanningar for kulturskulelærarar, som gjev undervisningskompetanse i tillegg til kunstfagleg utdanning.

Vidare må det bli stilt krav til både kapasitet og nivå for eigenbetaling, slik at alle får like høve til å ta del i kulturskulen. Som det står i *Boks 8.1 Innspel frå barn og unge* (s. 61) ynskjer barn og unge at kulturpolitikken legg til rette for å fjerne ventetida på kulturskulane og senkar prisen for å delta. At ventetida er lang, er noko Regjeringa sjølv nemner i meldinga (s. 73). NBK støttar ynskjet, og meiner dette burde bli inkludert som eige punkt under *Regjeringa vil* (s. 68).

NBK foreslår at følgande blir inkludert i meldinga:

- Det bør bli satt krav til både kapasitet og nivå for eigenbetaling, slik at alle får like høve til å ta del i kulturskulen

--

Venleg helsing
Ruben Steinum
Styreleiar
Norske Billedkunstnere